


Stadnamn i Innerdalen og langs fjellvegane

Av Eli Johanne Ellingsve

Stortingsvedtaket i 1978 om å byggja ut Orklavassdraget i Hedmark og Sør-Trøndelag vil setja Innerdalen i Kvikne under vatn. Det var ikkje berre nokre mål jord som med dette vart tekne frå Kviknedølane. Viktig er óg at brukartradisjonen som er knytt til vestfjella no for alle tider vert broten. Vegane mellom dalen og bygda vart nytta av fangstfolk, fiskarar og folk frå gardane som var ute på ulikt arbeid. Desse brukarane sette namn på lendet dei ferdast i. Når vegane ikkje lenger ligg opne, vert stadnamna til inga nytte. Det er meir enn landet som kverv når vatnet stig i dammen i Innerdalen, ei rekke stadnamn går óg med. Her skal vi sjå nærare på kva nokre av namna i dalen og langs vegane fortel om naturen og gamal verksemd.

Sjølve hovudnerven i *Innerdalen* er elva *Inna*. Ho kjem frå *Litlinnsjøen* og *Storinnsjøen* og renn ned i Orkla ved *Innset*. Området mellom *Storinnsjøen* i sør og setrene i *Innerdalen* i nord vert gjerne nemnd *Inndalen*. Som ein ser, ligg elvnamnet til grunn for ei rekke andre stadnamn. Den rette gamalnorske forma av elvenamnet er **Inn*. Namnet kan tyda «den som kommer langt indefra» (etter Sophus Bugge). Forma *Inna* er yngre.

På vegen frå kjeldene til Orkla får *Inna* fleire tilsig. Dei to største sideelvene nemnast *Elsåa* og *Næringa*. *Elsåa* kjem frå *Elsåtjørnan* og renn ned i *Inna* ved *Sørvangan*. *Næringa* renn ned i *Inna* eit godt stykke nordafor *Nordvangan*. Denne elva kjem frå myrene nordafor *Orkelhøene*. Det er uvisst kva elvenamnet *Elsåa* (uttale æ:sjåa) tyder. Kan henda heng det



Sæterseter


saman med ordet *eld*; tydinga kunne då vera 'den kalde', 'den som svir som eld'.

Næringa kan ha namnet sitt etter høgdedraget *Næringhøa* på nordasida av vassdraget. Frå Telemark kjenner ein fjellnamnet *Næring* (Kviteseid), og i Finnmark og Troms tyder ordet 'stort, bratt nes' (jfr. t.d. *Fuglenæringen*, Nordkapp kommune). Elvenamnet kan likevel óg liggja til grunn for fjellnamnet. Attom ordet *næring* ligg ei ordrot (*s*)ner med innhaldet 'dreia, svinga'. Eit såvore tydningsinnhald høver godt for namnet på vassdraget gjennom den tronge og krungete *Næringdalen*.

Elvene var viktige landemerke for ferdafolket. Ferdsla gjekk både langsmed og på tvers av vassdraga. Det var ikkje alltid like greit å koma seg frå eine elvebreidda til den andre, korkje for folk eller fe. Ved *Køyrvadet* (uttale: kjø:rvaæ) nedafor Frengstadsetra og Mosvollsetra var det likevel fin sandbotn og lett å koma over med køyredoning. Men dersom ein skulle ha von om å koma tørrskodd over Inna til fots, måtte ein freista

vegen over *Steinvadet* nokre hundre meter sørafor. Vegane var heller ikkje så gode som vi er vande med. *Kleivan* i setervegen ovafor garden *Mosvollan* var eit særst bratt vegstykke. Det same gjaldt *Ristbakken* like ved. Her måtte køyrekarane som kom frå fjellet festa rister av vidjer, tre eller kjetting (nyare) under sledemeiane for at det ikkje skulle gå så snøgt nedetter bakken på vinterføre.

Fjellet og marka vart nytta på anna vis før i tida enn no. Jakt og fiske var viktige attåtnæringar i mange bygder. Det har vore drive villreinjakt i fjella mellom *Oppdal* og *Kvikne* gjennom tida. Dei to namna *Reinstjørnan* (ved setervegen frå *Mosvollan* til *Innerdalen*) og *Reinsbekken* (myrbekk, renn i *Litlinna*) syner far etter dyra og kan henda etter næringa med. Ein ville knapt venta å få fisk i den vesle *Fiskbekken* (myrbekk, renn ned i *Inna* frå *Dølvadfjellet*), men namnet tyder på at ein kan henda kunne verta gledeleg overraska. I *Oppdalsboka* fortel *Ola J. Riise* om falkefangst i *Oppdalsfjella*. Det er uvisst om det har vore drive fuglefangst i *Innerdalen* jamvel om *Falkberget* austafor *Inna* syner at fuglen har hatt tilhald her. Bygdafolk



Frengstad og Børli setrene med *Storengsetra* t.v. utafor bildet.

hadde likevel berre i liten mon glede av denne jakta, det var helst framande leigefolk som dreiv med slikt.

Folk og buskap låg ofte på setrene i fjellet heile sommaren. Stadnamna i nærleiken av setervangane fortel gjerne om kva for husdyr som vart med til fjells. *Geithulu* er ei hole (nærast samanrasa i dag) høgt oppe i berget austafør Inna mellom Sørvangen og Nordvangen. Dyra trekte inn i denne hola i uvêr. *Bukkhammaren* nordafør Falkberget har truleg fått namnet sitt etter utsjånaden og då etter samanlikning med eit geithovud. Det kan vera at ei særskild hending ligg attom namnet *Geithammaren* (ved Mosvollan) utan at ein minnast ho i dag. Beitelandet i liene langs Inna var etter måten godt, det syner *Saulia*, *Englia* og *Grønli*. Etter gamalt nyttesyn får ein óg tru at *Vakkerlia* (austafør Storinnsjøen) fekk namnet sitt av di ho var grøn og frodig. I *Skjeflia* vaks skjeftrgras som vart nytta til skuring av trekoppar.

Alle stadnamna i eit område ber bod om at menneske har ferdast og vore verksame her. Folk sette namn på fjell og dalar, vatn og elver etter kvart som dei eigna til seg landet. Nokre namn fortel beinveges om dei menneska som på eit eller anna vis hadde noko med stadene å gjera. I stadnamna frå Innerdalen finn vi far etter ei *Brynhild* (*Brynhildsbekken*, *-dalen*, *-tjørna*), ein *Halvor* (*Halvorstjørna*), ein *Lars* (*Larslia*, *Larslibekken*, *Larslitjørna*) og ein *Tarald* (*Taraldsbekken*, *Taraldshøa*, *Taraldslia* og *Taraldstjørna*). Ofte ligg det særskilde hendingar attom slike namn. Om *Brynhildstjørna* (bryinnillskjønna; uttale) vert det fortald at ho fekk namnet sitt etter ein som drukna der under garnfiske vinterstid. Etter det heimelsmannen visste, var fiskaren ein mann med namnet *Brynjulv*. Dette høver ikkje heilt bra med uttalen av førelekken i stadnamnet, men tradisjonen kan óg vera noko uviss. Elles er ikkje skilnaden i uttalen mellom dei to personnamna så stor at ein kan sjå bort frå ei mistyding etter ei tid. *Brynhildsbekken* og *Brynhildsdalen* har truleg fått namn etter tjørna. *Larslitjørna* og *Larslibekken* er laga til *Larslia*. Kven *Lars* var, er visst alt gløymd. Det same gjeld *Tarald* som det finst far etter i i alt fire stadnamn. Det ikkje utruleg at det ligg ei ulykkeshending attom namnet



Tronsetra

Halvorstjørna, men viss kan ein ikkje vera når tradisjonen vantar. Det kan t.d. vera slik at ein *Halvor* har fiska sær s mykje i tjørna.

Jamvel om seterlivet før i tida nok tydde ei viss avveksling frå dei daglege gjeremåla på garden, var sommartida i fjellet inga ferietid. Ein akta på dagtidene så folk og krøtter fekk det stellet dei var vande med. Når sola stod over *Nonsbekken*, var det mattid for folka på Flonansetra nord i Innerdalen. *Nonssteinen* på *Nonshaugen* i sørenden av Flomhøgda var tidemerke for Sørvangen. Når sola stod over steinen på haugen, var klokka om lag fire på ettermiddagen.

Desse stadnamna frå Innas elvedal og langsmed fjellvegane mellom bygda og dalen syner at folk har nytta fjellområdet på ymse vis gjennom århundra. Det er vandt å seia kor gamal ferdsla her er. Den usammensette forma tyder på at elve-*namna Inna og Næringa* nok har høg alder. Stadnamn lever berre så lenge dei er til nytte for folk som ferdast i marka. Dersom vegane gror att, forsvinn namna. Neddemminga av Innerdalen tyder ein viss død for storparten av namna i damområdet. Det er óg ein del av det tapet Kviknedølane lyt bera.